



Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 18.11.2019
Møtestad: Formannskapssalen, rådhuset Knarvik
Møtetid: 12:00 - 15:00

Etter ordinær sakshandsaming vart det gjeve opplæring for rådet.

- Organisering av Helse og omsorg og saksområder for RMNF v/Leni Dale-kommunalsjef
- Gjennomgang av sentralt lovverk, helse og omsorgstenestene og forvaltningsmodellen v/Kari Hesjedal-avd.leiar Forvaltningskontoret.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Reidar Knutsen	SAFO	Medlem
Svein Arne Vabø	SAFO	Medlem
Liv Erstad	FFO	Medlem
Magne Bjørndal	FFO	Utvalseiar
Jannicke Helland	FFO	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Tore Eugen Hansen	FNB	Nestleiar
Bente Orlen Westervik	FFO	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Roy Bø	FRP	
Gunn Krokeide	FFO	Bente Orlen Westervik

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kari Hesjedal-avdelingsleiar Forvaltningskontoret, Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg,
 Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/19	Val av leiar og nestleiar - råd for menneske med nedsett funksjonsevne
003/19	Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune
004/19	Høyring - Endringar i forskrift om ei verdig eldreomsorg – sambuargaranti.

001/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.11.2019:

Behandling:

Merknad: RMNF ønsker at det skal visast på heimesida kva interesseorganisasjon enkeltmedlemmer i rådet representerer.

Merknad: RMNF ønsker at det medlemmene vert lagt inn med organisasjonstilknytning. Ellers ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 001/19 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

002/19: Val av leiar og nestleiar - råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådmannen legg fram saka utan framlegg til vedtak:

Leiar i RMNF 2019-2023: _____

Nestleiar i RMNF 2019-2023: _____

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.11.2019:

Behandling:

Framlegg frå RMNF:

Leiar i RMNF 2019-2023: Magne Bjørndal - FFO

Nestleiar i RMNF 2019-2023: Tore Eugen Hansen - SAFO

Framlegget vart samrøstes vedteke.

RMNF- 002/19 Vedtak:

Leiar i RMNF 2019-2023: Magne Bjørndal - FFO

Nestleiar i RMNF 2019-2023: Tore Eugen Hansen - SAFO

003/19: Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert vedtatt

Eldreråd 18.11.2019:

Behandling:

Fellesnemnda i Alver si handsaming av forskrift om tildeling av lngtidsopphald i institusjon i Alver kommune vart ettersendt i e-post til medlemmane i eldrerådet.

Leiar for forvaltningskontoret i Alver, Kari Hesjedal, orienterte om forskrifta og ho svara på spørsmål.

Forskrifta har vore til handsaming i eldreråda i Radøy, Lindås og Meland. Lindås eldreråd

kom med innspel om at ein må få plass på den sjukeheimen som er nærast heimen.

Eldrerådet drøfta saka.

Sigurd Knudsen sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Alver eldreråd ynskjer at kommentaren frå Lindås eldreråd vil bli teken med i vidare behandling av saka (Lindås eldreråd sak 23/19).

Eldrerådet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tilleggsframlegg frå Sgurd Knudsen sett fram i møtet.

ER- 003/19 Vedtak:

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert vedtatt.

Alver eldreråd ynskjer at kommentaren frå Lindås eldreråd vil bli teken med i vidare behandling av saka (Lindås eldreråd sak 23/19).

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.11.2019:

Behandling:

Orientering til saka v/Kari Hesjedal-avdelingsleiar Forvaltnngskontoret
RMNF støttar Eldrerådet i Lindås sin uttale frå 17.09.2019, sak 023/19 :
Ved plassering i institusjon eller anna buform, bør ein og ta omsyn til dei pårørande slik at ein vurderar avstand mellom institusjon og heimemiljø.
Ellers ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 003/19 Vedtak:

Ved plassering i institusjon eller anna buform, bør ein og ta omsyn til dei pårørande slik at ein vurderar avstand mellom institusjon og heimemiljø.

Utval for helse og omsorg 19.11.2019:

Behandling:

Leiar for forvaltningskontoret i Alver, Kari Hesjedal, orienterte om saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg som tilføyning i §3:

Ved plassering i institusjon eller anna buform, bør ein ta omsyn til ønskje frå brukar/pårørande slik at ein vurderer avstand mellom institusjon og heimemiljø.
Dersom kommunen ikkje kan tilby plass i Alver skal institusjonsplass i nabokommunen vurderast.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg om tillegg under §3 Kriterium for tildeling - etter andre avsnitt:

Brukarar sine ynskjer vektleggast og reglar om brukarmedverknad fylgja

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

HO- 002/19 Vedtak:

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert vedtatt med følgjande tillegg under §3:

Ved plassering i institusjon eller anna buform, bør ein ta omsyn til ønskje frå brukar/pårørande slik at ein vurderer avstand mellom institusjon og heimemiljø. Dersom kommunen ikkje kan tilby plass i Alver skal institusjonsplass i nabokommunen vurderast.

Under §3 Kriterium for tildeling skal det tilføyast følgjande - etter andre avsnitt:
Brukarar sine ynskjer vektleggast og reglar om brukarmedverknad fylgjast.

004/19: Høyring - Endringar i forskrift om ei verdig eldreomsorg – sambuargaranti.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga.

Eldreråd 18.11.2019:

Behandling:

Kommunalsjef Leni Dale orienterte i saka. Ho sa at kommunen ser det som positivt at sambuargaranti vert inkludert i forskrifta om verdig eldreomsorg, men peika på behovet for å få fram korleis kommunane skal organisera tilbodet til den pårørande. Tydeleggjering vil bidra til å unngå ulik praksis frå kommune til kommune.

Dale svar på spørsmål frå rådet, og opplyste mellom anna at det ikkje er stor etterspørsel frå ektefelle/sambuar til pårørande om å få bu saman med den som har fått vedtak om plass på sjukeheim. Kommunalsjefen sa at kommunen prøver å vera fleksibel og så langt som råd er

imøtekoma behov.

Eldrerådet gir uttrykk for at intensjonen i forskrifta er god, men er samd med administrasjonen i at det er ein del forhold som bør avklarast for å få ei tydelegare forskrift.

Eldrerådet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ER- 004/19 Vedtak:

Alver kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.11.2019:

Behandling:

Orientering til saka v/Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg.
Rådmannen sitt framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 004/19 Vedtak:

Alver kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga.

Utval for helse og omsorg 19.11.2019:

Behandling:

Rådgjevar helse og omsorg, Pia Charlotte Aarsand Syversen, orienterte om saka.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 003/19 Vedtak:

Alver kommune gir uttale i samsvar med vurderingane gitt i saksutgreiinga.